



Saksframlegg

Høring av NOU 2026:1 Ein berekraftig kommunesektor

| Utval | Utvallsak | Møtedato |
|---------------|-----------|----------|
| Kommunestyret | | |

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Høring av NOU 2026 1 En bærekraftig kommunesektor (582873).pdf
- 2 KS høringssvar til kommunekommisjonens NOU 1.pdf

Bakgrunn for saka:

Regjeringa har sett ned ein kommisjon, kalla kommunekommisjonen, for å sjå på forenklingar i lovverket og styringstrykket ovanfor kommunesektoren. I januar kom den første av to NOU-er som kjem med forslag til forenklingar. Denne NOU har fått namnet «Ein berekraftig kommunesektor».

NOU nummer to er venta i slutten av 2026. KS har i sin uttale kome med innspel på kva for område som er viktig å sjå på i NOU nummer 2. I slutten av saka vil ein trekke fram dei tema som ein meiner er viktigast for Fyresdal å utgreie.

KS har sidan kommisjonen blei nedsett henta inn eksempel og forslag til forenklingar frå kommunane. Fyresdal kommune har jobba med dette i utvida leiargruppe og meldt inn fleire ting som ein meiner at vil forenkle styringstrykket frå staten og gjere kvardagen enklare for brukarar og administrasjonen.

KS har hatt faste representantar i kommisjonen, og har i tillegg hatt ei referansegruppe som saman med administrasjonen i KS har samordna og koordinera alle innspel som er blitt gjeve vidare til kommisjonen.

Kommisjonen har nå kome med første NOU med konkrete forslag til endringar, og denne er nå ute på høring. Høyringsfristen er 16. april. KS sitt hovudstyre har nå kome med eit høyringssvar som også er vedteke i KS styret for Telemark.

I denne saka legg kommunedirektøren til grunn KS sitt svar på høringa og vil under vurderingar sjå på konsekvensar av dei føreslegne tiltak for Fyresdal.

I KS sin høyringsuttale er det ein heil del anbefalingar på tema som ein meiner at kommisjonen bør sjå på i samband med NOU nummer to. Disse anbefalingane ligg vedlagt saka, men vil ikkje bli vurdert i denne saka.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Fyresdal kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.*
- *Fyresdal kommune skal legge til rette for dialog og samskaping med innbyggjarar.*
- *Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Samfunnet er i stor endring. Det skjer mykje på digitaliseringsfeltet og demografien i Norge er i endring. Endringane består i at det blir færre barn og unge og fleire eldre. Samtidig blir det færre i arbeidsfør alder som skal levere arbeidskraft inn i både privat og offentleg sektor. For å komme dette i møte må vi endre måten vi gjer ting på i dag, og samtidig nytte den kompetansen vi har mykje smartare. Når det gjeld det offentlege så er det forventningsgapen som må lukkast på ein annan måte enn det vi gjer i dag, og førebu oss på at vi vil slite med å skaffe den kompetansen vi har behov for, for å levere gode tenester.

Dei tiltaka som NOU 1, Ein berekraftig kommunesektor, beskriv er steg i riktig retning. Dersom tiltaka blir iverksett vil dette kunne vere med på å hjelpe, men det er likevel slik at dette ikkje er nok. Det må kome fleire tiltak i NOU 2, som gjer noko med styringstrykket kommunane er utsett for.

Nedanfor vil ein ta for seg dei fem tiltaka som er foreslege i NOU 1:

1. Bemanningsnormer og kompetansekrav

KS meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav ikkje er egna og er unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at det bør unngåast.

Kommisjonen peikar i NOU 1 på at bemanningsnormer er eit hinder for den lokale handlefridommen og at streng regulering gjer at det kan vere vanskeleg å ha forsvarleg drift. Kommisjonen peiker på at dette pr. nå treff særleg små distriktskommunar.

Fyresdal kommune opplever allereie at ein ikkje får tak i den kompetansen ein treng. Det fører til at stillingar blir ståande vakante eller at ein fyller stillingane midlertidig med anna kompetanse enn ein treng. Vikariat og midlertidige stillingar er ei utfordring for tenesteproduksjonen. Dei fører til stor utskifting av personell. Smidigare løysingar kor ein ikkje er bunden av bemanningsnormer og kompetansekrav, vil gje ein fleksibilitet i tenesteproduksjonen med ein meir stabil arbeidsstokk kor ein kan bygge den kompetansen ein har behov for ved å satse på kompetanseheving av den einskilde arbeidstakar.

2. Lærarnorm

KS meiner at dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn pr skole til kommunenivå. Den tekniske utforminga av lærarnorma bør ha som hensikt barns rett til tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging.

Lærarnorma vart innført i 2018. Evaluering av denne innføringa viser at den har sikra fleire lærarar i skulen, men det har ikkje blitt påviseleg effekt på verken elevanes læring eller trivsel.

Kommisjonen kjem med forslag om å endre lærarnorma slik at den ikkje gjeld for kvar skule, men for kommunenivå. For små kommunar, som Fyresdal, som har gjort

sentraliseringsgrep og berre har ein skule, så har dette tiltaket ingen effekt. Det einaste som har effekt for slike kommunar er at lærarnorma blir fjerna i sin heilheit.

KommuneNoreg består av mange små kommunar. Kommisjonen burde ha sett på kor mange som berre har ein skule med små klassar og da ikkje får effekt av denne omlegginga av lærarnorma. Kommisjonen burde ha føreslått eigne reglar for disse kommunane som kunne gitt moglegheit til å dispensere frå norma eller moglegheit til å ha ei forsøksordning utan lærarnorm.

3. Kompetansekrav

KS støttar at de formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 opphevast.

Dei ulike faglovane stiller krav om kva for teneste som skal gjevast. For å kunne gje disse tenestene er ein avhengig av å ha tilsette med rett kompetanse. Når kompetansekrava er ufråvikelege fører det til at ein ikkje får gjort tilsettingar i stillingar som ein har. Ein må da ty til midlertidigheit og vikarar utan kompetanse, eller la stillingane stå vakante. Ei oppmyking av dette lovverket vil føre til større grad av fleksibilitet i tenestene og arbeidsgjevar vil kunne nytte kompetanse i større grad på tvers samtidig med at ein bygger kompetanse.

Små kommunar som Fyresdal er meir utsett for å ikkje få tak i kompetansen ein har behov for. Derfor vil ei slik oppheving av kompetansekrav vere positivt for oss.

4. Innlemming av øymerka tilskot

KS støttar kommisjonens forslag til innlemming av øymerka tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskotet. KS anbefaler at den delen av tilskotet som gjevast spesielt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag vidareførast som øymerka tilskot.

Øymerking er noko som gjev begrensingar i den lokale handlefridomen, og som aukar dei administrative oppgåvene som følger med. Når det gjeld veterinærtilskotet, så er det eit tilskot som det i fleire år har vore utfordringar med. Tilskotet frå staten har mellom anna ikkje dekt dei reelle kostnadane som kommunane har. Vest- Telemark kommunane, som har felles veterinæravtale, har derfor måtte yte ytterlegare tilskot frå eigen ramme. Å innlemme eit tilskot i ramma som er så underfinansiera er ikkje ei god løysing for kommunane.

5. Avvikling av grunnskuletilskotet

KS støttar at grunnskuletilskotet avviklast, og at beløpet fordelast etter ordinære kostnadsnøklar i inntektssystemet.

Dette tilskotet kom inn i statsbudsjettet for nokre år sidan. Dette tilskotet premierer dei kommunane som har mange skular, og straffar dei kommunane som har gjennomført ein sentraliseringsprosess slik Fyresdal har gjort. Tilskot som er utforma slik gjev ikkje intensiv til å lage større einingar sjølv om barnetalet går ned.

Dei kommunane som har mange små skuler vil ved fjerning av dette tilskotet vil få redusera overføringar frå staten, mens kommunar som Fyresdal som har lagt ned alle grendeskulane og har ein skule vil tene på at tilskotet blir fjerna som øymerkt.

6. Forenkling av investeringstilskotet til bufellesskap og sjukeheimar

KS støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga i tråd med kommisjonens forslag.

Fleire kommunar som har hatt behov for bufellesskap eller sjukeheimplassar i dei siste åra har uttrykt bekymringar for dagens tilskotsordningar, og at utforminga av disse har vore eit hinder i planlagde prosjekt. Fleire kommunar seier også at Husbankens krav ikkje er i tråd med dei behova kommunane har.

Hovudutfordringane i dagens ordning er følgande:

- Krav om heildøgns bemanning
- For rigid handheving av antall plassar i bufellesskap og sjukeheimar
- Krav om tilbakebetaling av tilskot dersom brukarane av bufellesskapa/sjukeheimane det blir gjeve tilskot til endrar seg. Det hindrar fleksibilitet i bruken av bustadane sjølv om behova endrar seg.

Fyresdal kommune har god kapasitet på sjukeheimen og i omsorgsbustadar. Ein har derfor ikkje pr. i dag ikkje erfaring med disse tilskotsordningane. Det er likevel slik at fram i tid vil den eldre delen av befolkninga vekse. Det betyr at ein må sjå på kva for tilbod kommunen må ha fram i tid. Det jobbast nå med ein helse- og omsorgsplan som skal handsamast før sommaren 2026. I denne planen vil dei tiltaka som ein fram i tid vil ha behov for å realisere, og kor tilskotsordningar vil vere ein av finansieringskjeldene.

Innspel til NOU 2:

I KS sitt høyringssvar er det fleire område som KS meiner at bør utgreiast i NOU 2, som kjem i slutten av 2026.

Områda som er nemnt nedanfor er område som opplevast som særskilt viktige for små kommunar som Fyresdal:

- Vurdere og føreslå system for samordning og koordinering av lovverk, og etterfølgjande evaluering av nytt lovverk.
- Utgreie korleis eit tverrdepartementalt kontinuerleg arbeid med forenkling av eksisterande reglar kan gjennomførast som ein del av arbeidet med kommuneproposisjonen og statsbudsjettet, og inngå i konsultasjonsmøta med KS.
- Kommisjonen bør føreslå endringar i både forsøkslova og i anna forsøkslovgjeving slik at kommunar og fylkeskommunar kan prøve ut meir dyptgripande forsøk.
- Utgreie korleis ein sterkare vektlegging av konsekvensar for heile kommunens eller fylkeskommunens tenestetilbod i statlege klageordningar kan utformast, samt utgreie og føreslå alternativ til statleg klagebehandling.
- Vurdere om ein skal innføre ein høgare terskel for overprøving av kommunens frie skjønn i dei einiskilde særlovane.
- Anbefaling om å jobbe vidare med forenkling i helse- og omsorgstenestelova.
- Anbefaling om at kommisjonen utgreier og fremmer forslag om meir fleksible bemanningsnormer i barnehagesektoren.
- Anbefaling om å jobbe vidare med forenkling i plan og bygningslova.
- Anbefaling om ytterlegare innlemming av øyremerka tilskot.
- Forenkling av statleg styring av kulturfeltet.
- Forenkling av lov om offentlege anskaffingar og offentlegheitslova,

Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner at KS har gjort ein svært god jobb på vegne av kommunesektoren i sitt høyringssvar, og kommunedirektøren stør alle anbefalingane som KS har kome med. Det er forskjell på korleis dei ulike anbefalingane treff kommunane i forhold til kor stor ein kommune er, men uavhengig av storleik er disse forenklingane eit steg i riktig retning.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav ikkje er egna og er unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at det bør unngåast.

Fyresdal kommune meiner at dagens lærarnorm som hovudregel bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn pr skule til kommunenivå. Den tekniske utforminga av lærarnorma bør ha som hensikt barns rett til tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Fyresdal kommune meiner at kommisjonen burde ha føreslått eigne reglar for kommunar med berre ein skule. Disse reglane kunne gitt kommunar med ein skule moglegheit til å dispensere frå norma eller moglegheit til å ha ei forsøksordning utan lærarnorm.

Fyresdal kommune støttar at de formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 opphevast.

Fyresdal kommune støttar kommisjonens forslag til innlemming av øymerka tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskotet. KS anbefalar at den delen av tilskotet som gjevast spesielt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtjenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag vidareførast som øymerka tilskot.

Fyresdal kommune støttar at grunnskoletilskotet avviklast, og at beløpet fordelast etter ordinære kostnadsnøklar i inntektssystemet.

Fyresdal kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga i tråd med kommisjonens forslag.

Fyresdal kommune meiner at områda som er nemnt nedanfor er område som opplevast som særst viktige for små kommunar og må utgreiast i NOU 2:

- Vurdere og føreslå system for samordning og koordinering av lovverk, og etterfølgjande evaluering av nytt lovverk.
- Utgreie korleis eit tverrdepartementalt kontinuerleg arbeid med forenkling av eksisterande reglar kan gjennomførast som ein del av arbeidet med kommuneproposisjonen og statsbudsjettet, og inngå i konsultasjonsmøta med KS.
- Kommisjonen bør føreslå endringar i både forsøkslova og i anna forsøkslovgjeving slik at kommunar og fylkeskommunar kan prøve ut meir dyptgripande forsøk.
- Utgreie korleis ein sterkare vektlegging av konsekvensar for heile kommunens eller fylkeskommunens tenestetilbod i statlege klageordningar kan utformast, samt utgreie og føreslå alternativ til statleg klagebehandling.
- Vurdere om ein skal innføre ein høgare terskel for overprøving av kommunens frie skjøn i dei einskilde særlovane.
- Anbefaling om å jobbe vidare med forenkling i helse- og omsorgstenestelova.
- Anbefaling om at kommisjonen utgreier og fremmer forslag om meir fleksible bemanningsnormer i barnehagesektoren.
- Anbefaling om å jobbe vidare med forenkling i plan og bygningslova.
- Anbefaling om ytterlegare innlemming av øymerka tilskot.
- Forenkling av statleg styring av kulturfeltet.
- Forenkling av lov om offentlege anskaffingar og offentlegheitslova,

| | |
|-----------------|-----------------|
| Ulf Pedersen | |
| Kommunedirektør | Ulf Pedersen |
| | kommunedirektør |